# Vekeplan for 2. trinn — Veke 1-2

**Beskjedar:**

Det var kjekt å sjå elevane igjen etter ferien og vi håpar alle har hatt ein fin og avslappande juleferie. Nå er vi klare for eit nytt halvår med læring, leik og spennande aktivitetar. Vi gler oss til å jobbe saman med barna dykkar vidare. 😊

I januar skal trinnet jobbe med tema **tid**, der vi fokuserer på klokka, dagar og månadar. Barna skal lære å lese heile og halve klokkeslett og få betre oversikt over vekedagar, månadar og årstider. Vi vil jobbe med dette tema tvers av fleire fag, slik at dei møter tema på ulike måtar. Dette er vanskeleg for mange og klokka treng ein lang tid på å lære. Det er fint om de heime vil hjelpe oss ved å øve på dette. De kan snakke om klokka, t.d. når det er måltid, leik eller leggetid. De kan gjerne øve på å sei kva dagar og månader det er ved å knytte dei til kommande aktivitetar og spesielle hendingar. I denne perioden blir leksene like for alle elevane.

Framover skal vi jobbe med ***lesekondis*** på trinnet. Lesekondis handlar om barnets evne til å lese lengre tekstar med uthald, forståing og glede. Dette er ein ferdigheit som må trenast på. Lesekondis gir barna djupare forståing av innhald og tekstar, evne til å halde fokus over tid og gir meistringskjensle. Det vil bli sett av ein time kvar veke der vi har fokus på dette. Det er fint om de heime høyrer barnet dykkar og stoppar dei viss dei les orda feil. Eg høyrer at mange les for fort og difor ikkje får meg seg orda riktig. Då vil innhaldet i teksten misse litt av meininga. Stopp og sjekk at barnet får med seg det som faktisk står i teksten.

Fredag 10. januar startar 2C opp med symjing. Ny liste vil kome etter kvart.

**Ha ei fin veke, helsing 2. trinn.** 😊

**Forteljarstol denne veka er:**

Gabriel

Jakob





| Dette jobbar vi med denne veka: | |
|---|---|
| **NORSK** | **Vinter**<br>• Eg bruker biblioteket for å finne bøker eg kan lese i for å auke lesekondisen.<br>• Vi lærar om Saltos lure leseknep – **S**uperblikk, **A**lt eg veit, **L**esemåte, **T**enkestopp, **O**ppsummering.<br>• Eg øver vidare på ei funksjonell handskrift.<br>• Eg veit kva ei funksjonell handskrift er.<br>• Eg lærar å lage ein spørjeundersøking. |
| **MATTE** | **Tid**<br>• Eg kan namna på vekedagane og lærar om kva rekkjefølge dei kjem i.<br>• Eg kan namna på månadane og lærar om kva rekkjefølge dei kjem i.<br>• Eg lærar å lese heile og halve timar på klokka, både analogt og digitalt. |
| **SOSIALT** | • Eg øver med på å setje ord på ulike kjensler. |

| | Til tysdag | Til onsdag | Til torsdag | Til fredag |
|---|---|---|---|---|
| **NORSK** | Les ★ ☽ eller ☀ på s. 120 og 121.<br><br>Svar på  på s. 121 i den grøne skriveboka di. | Les ★ ☽ eller ☀ på s. 124 og 125. | Vel mellom dei to alternativa under.<br><br>1: les s. 126.<br>2: les s. 126-127. | Les ★ ☽ eller ☀ på s. 128 og 129. |
| **MATTE** | | | Gjer s. 49 i Multi øvebok. | |
| **Hugs:** | | | | **Hugs: gymtøy eller badetøy.** |